

Bivdu
Att:
c/o Inge Arne Eriksen Rødsvingelveien 35
9516 Alta

Høyringsnotat om forslag til ny forskriftsføresegn i medhald av havressurslova § 54 andre ledd bokstav b og f

Innhald

Høyringsnotat om forslag til ny forskriftsføresegn i medhald av havressurslova § 54 andre ledd bokstav b og f	1
1. Innleiing	2
2. Bakgrunn	2
3. Gjeldande rett	3
3.1. Innleiing	3
3.2. Opphav og historikk	3
3.3. Heimlane	4
3.4. Administrativ inndraging etter havressurslova § 54	4
3.5. Ikkje straff	5
3.6. Objektivt grunnlag, beviskrav og skal-regel	5
3.7. Rekkevidde	6
4. Om lista og utforminga av den nye føresegna	7
5. Forslag til liste over lovbrøt som ikkje skal medføre administrativ inndraging	8
5.1. Krav om melding før utsegling eller oppstart av fiske	8
5.2. Krav om melding om aktivitet ved fangst av kongekrabbe i kvoteregulert område	9
5.3. Krav om melding før oppstart av fiske på ulike kvoteordningar	9
5.4. Krav om påmelding ved levandelagring av torsk	10
5.5. Krav om melding og påmelding ved partråling	10
5.6. Krav om påmelding og å utpeike ansvarshavande ved samfiske av pelagiske fangstar	11

5.7.	Krav om påmelding ved hausting av hummar	11
5.8.	Krav om påmelding ved deltaking i ungdomsfiskeordninga	12
5.9.	Krav om innsending av kopi av leveringsavtale	12
5.10.	Krav om merking av fartøy	12
5.11.	Krav om at høvedsmann skal vere ført i fiskarmanntalet	13
5.12.	Krav om elektronisk rapportering av fangst-, aktivitets- og posisjonsdata	13
5.13.	Krav om rapportering ved bruk av mellomlagingsmerder og samletein	14
5.14.	Krav om merking av fangstreiskap og oppbevaringsanordningar	14
5.15.	Krav ved overdraging av aksjer, eigarandelar m.v.	15
6.	Krav som kan vere aktuelt, men som ikkje er foreslått til lista i høyringsnotatet	16
6.1.	Krav om samtidig underteikning av setel	16
7.	Andre aktuelle reaksjonsformer	17
8.	Konsekvensar	17
8.1.	Omfang av inndragingssaker målt i tal, verdi og sakstyper	17
8.2.	Omfanget av inndragingssaker som fell bort med forslaget	19
8.3.	Oppsummert	19
9.	Forslag til forskriftsendring	19

1. Innleiing

På bestilling frå Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) sender Fiskeridirektoratet på høyring eit forslag om ny føresegn i forskrift 3. desember 2010 nr. 390 om inndraging av fangst og bruk av inndregne midlar (forskrift om inndraging av fangst m.m.), jf. lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) § 54 andre ledd bokstav b og f.

Høyringsnotatet er også tilgjengeleg på www.fiskeridir.no. Alle kan svare på høyringa, og også andre enn dei som er oppført som høyringsinstansar er velkomne til å kome med innspel.

Høyringsfristen er 13. juli 2025, og høyringssvar sendast til postmottak@fiskeridir.no. Vi ber om at eventuelle innspel blir merka med vår referanse 23/14706.

2. Bakgrunn

Bakgrunnen for denne høyringa er at Stortinget har vedtatt lov 21. april 2023 nr. 6 med blant anna endringar i havressurslova § 54 om administrativ inndraging, jf. Prop. 32 L (2022-2023). Havressurslova § 54 fyrste og andre ledd bokstav b og f er, etter denne lovendringa, som følger:

§ 54. Fangst som er hausta eller levert i strid med lova

«Fangst eller verdien av fangst som er hausta eller levert i strid med føresegnar som er fastsette i eller i medhald av lova her, eller deltakerloven, tilfell vedkomande salslag, eller staten dersom fangsten ikkje fell inn under omsetningsretten til salslaget. Dette gjeld utan omsyn til om tilhøvet medfører straffansvar.



Departementet kan gje forskrift om

[...]

b. kva for føresegner som er omfatta av første ledd

[...]

f. at brot på enkelte føresegner etter første ledd likevel ikkje skal medføre inndraging av fangst.»

Som ei følgje av den nye bokstav b og f blir det gjennomført ei høyring med forslag om ny føresegn i forskrift om inndraging av fangst m.m., som består av ei liste med føresegner ikkje skal medføre administrativ inndraging.

Forskriftsendringa skal bidra til at regelverket i større grad er føreseieleg for aktørane ved å tydeleggjere kva lovbrod som ikkje rammast av administrativ inndraging. Den vil også gi forvaltninga større fleksibilitet i val av reaksjonsform, ved at ein får høve til å fastsetje i forskrift at ein ikkje skal bruke administrativ inndraging i bestemte sakstyper, til dømes der slik inndraging står fram som unødvendig tyngande.

Det presiserast at når det gjeld lovbrod som ikkje står på lista, så skal administrativ inndraging framleis gjennomførast på objektivt grunnlag utan vurdering av skyld, og forvaltninga skal som tidlegare ikkje utøve fritt skjønn i enkeltsaker om administrativ inndraging etter havressurslova § 54.

3. Gjeldande rett¹

3.1. Innleiing

Havressurslova § 54 fyrste ledd regulerer høvet til å gjere administrativ inndraging. Føresegna slår fast at fangst, eller verdien av fangst, som er hausta eller levert i strid med føresegner fastsett i eller i medhald av havressurslova eller deltakarlova (heretter også omtala som fiskeriregelverket), tilfell vedkomande salslag, eller staten dersom fangsten ikkje fell inn under omsetnadsretten til salslaget. Dette gjeld utan omsyn til om tilhøvet medfører straffansvar.

3.2. Opphav og historikk

Opphavet til føresegna om administrativ inndraging er at det på midten av 1970-talet oppstod behov for reglar om inndraging av fangst då kvoteregulering ved å fastsetje kvote for kvart fartøy vart sett i verk, og det viste seg å vere eit sterkt behov for å ha ei effektiv handheving av kvoteføresegnene.

På bakgrunn av dette blei det i 1976 lovfesta ein heimel for å inndra fangst utover fastsette fartøykvotar i lov 16. juni 1972 nr. 57 om regulering av fiskerideltagelsen § 10 b. Føresegna blei seinare vidareført i lov 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske m.v. (saltvassfiskelova) § 7 om inndraging av fangst utover fastsett kvote. I tillegg hadde saltvassfiskelova § 11 tredje ledd ein heimel for å inndra fangst eller fangstverdi for ilandført død eller døyande fisk som blei fanga eller levert i strid med føresegner i eller i medhald av saltvassfiskelova. Opphavleg gav § 11 tredje ledd berre heimel til å inndra fangst som var fanga i strid med føresegner fastsette i eller i medhald av saltvassfiskelova. I 2001 vart § 11 tredje ledd endra til å gi

¹ Skildringa av gjeldande rett er i hovudsak henta frå førearbeida til havressurslova (Ot.prp. nr. 20 (2007-2008)), høyringsnotat av 14. juni 2021 om forslag til endring i havressurslova § 54, proposisjonen til Stortinget om forslag til lovvedtak om endringar i havressurslova m.m. (Prop. 32 L (2022-2023)), høyringsnotat av 24. juni 2009 og statsrådsforedraget PRE-2010-03-12-390 gitt i samband med forskrift om inndraging av fangst m.m.



heimel til administrativ inndraging av fangst også ved levering i strid med føresegner fastsette i eller i medhald av saltvassfiskelova, jf. Ot.prp. nr. 92 (2000-2001).

Havressurslova § 54 om administrativ inndraging er ei vidareføring av prinsippa som låg til grunn for den tidlegare reguleringa av administrativ inndraging i saltvassfiskelova §§ 7 og 11.

3.3. Heimlane

I tillegg til heimelen i havressurslova § 54 gir lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakarlova) § 27 heimel til administrativ inndraging av meirfangst eller verdi av meirfangst, dersom eit fartøy overskrider den fangstmengda per tur som er fastsett i det enkelte løyve. I dag har deltakarlova § 27 lita sjølvstendig meining, då brot på deltakarlova i alle høve er omfatta av havressurslova § 54.

I tillegg fastset lov 21. juni 2013 nr. 75 om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar (fiskesalslagslova) § 21 at fangst eller verdien av fangst tilfall vedkomande salslag når fangsten er hausta eller omsett i fyrste hand i strid med føresegner som er fastsett i eller etter fiskesalslagslova.

3.4. Administrativ inndraging etter havressurslova § 54

Systemet med administrativ inndraging må sjåast i samanheng med at all fangst av fisk skal førast i land, jf. havressurslova § 15 og forskrift 23. desember 2021 nr. 3910 om gjennomføring av fiske, fangst og høsting av viltlevande marine ressursar (haustingsforskrifta) § 51. Denne ilandføringsplikta er eit av dei viktigaste prinsippa i fiskeriforvaltninga og inneber at alt uttak av fiskeressursar som er død eller døyande – av omsyn til ressursforvaltning og miljø – som hovudregel skal førast i land, registrerast og avreknast på kvotar. Ilandføringsplikta gjeld også dersom fangsten er hausta eller levert i strid med regelverket.

Sjølv om fangsten skal førast i land, er det likevel eit grunnleggjande prinsipp at den som haustar av dei levande marine ressursane ikkje skal få behalde fangsten eller verdien av denne, dersom fangsten er ulovleg. Fiskarane skal ikkje oppnå nokon fordel av det ulovlege fisket. Formålet med administrativ inndraging er altså å fråta den som har hausta eller levert fisk ulovleg, verdien av den ulovlege fisken.

For å sikre at reglane om inndraging av ulovleg fangst ikkje oppfordrar til ulovleg utkast eller gjev fiskarane insentiv til å fiske ulovleg, kan fiskaren få vederlag for omkostningar ved ilandføring dersom meirfangsten eller den ulovlege fangsten ikkje var tilsikta. Etter forskrift om inndraging av fangst m.m. § 3 gis det derfor ilandføringsvederlag på 20 % av verdien av meirfangsten eller den ulovlege fangsten dersom vilkåra er oppfylt. Inndraging av fangst utover kvote av artane angitt i § 3 tredje ledd er ikkje omfatta av vederlagsordninga, og rettsvillfaring hjå fiskaren gir ikkje rett på ilandføringsvederlag.

Dersom fangsten inneheld både lovleg og ulovleg fisk, er det den ulovlege delen av fangsten som skal inndragast. Døme på dette er brot på bifangstføresegner, der det som regel er den ulovlege delen av bifangsten som skal inndragast, jf. Ot.prp. nr. 20 (2007-2008) s. 219.

Administrativ inndraging er ein sentral administrativ reaksjon i fiskeriforvaltninga, og inngår i eit reaksjons- og sanksjonssystem som vert handheva av fiskeriforvaltninga og som omfattar mellom anna tvangsmulkt, lovbrotsgebyr og melding til politiet med tanke på straff og straffeprosessuell inndraging.

Forskrift om inndraging av fangst m.m. har føresegner om blant anna kven som har vedtakskompetanse, om det skal givast vederlag for ilandføringskostnadar og om kva



salslaga skal bruke inndregne midlar til. I forskrifta er det fastsett at kompetansen til å fatte vedtak etter havressurslova § 54 er delt mellom salslaga og Fiskeridirektoratet, jf. § 2 om vedtakskompetanse.

3.5. Ikkje straff

Ei administrativ inndraging etter havressurslova § 54 er ikkje å rekne som straff korkje etter Grunnlova eller etter den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK). Dette er vurdert og fastslått i fleire rettskjelder.

I Ot.prp. nr. 39 (1975-76) er administrativ inndraging omtala slik:

«En har forutsatt at en bestemmelse av denne type ikke er grunnlovsstridig, da det for så vidt ikke er tale om straffelignende inndragning, men en regulering av eiendomsretten til tidligere eierløse ting. Noe skyldspørsmål skal således ikke vurderes.»

I førearbeida til havressurslova (Ot.prp. nr. 20 (2007-2008)) punkt 7.4.4.2 om grunngivinga for systemet med administrativ inndraging, står det vidare:

«Men sjølv om haustarane skal føre fangsten i land, skal dei ikkje få nokon fordel av det ulovlege fisket. Administrativ inndraging av fangst hausta i strid med føresegnar fastsette i eller i medhald av lova er såleis ikkje å sjå på som ein sanksjon, fordi dette gjeld inndraging av fangst som av ein eller annan grunn er ulovleg, og som det såleis ikkje var lov å hauste. Brot på desse reglane gjer at fartøya ikkje har krav på å behalde fangsten eller verdien av han. Inndraginga har såleis ikkje som formål å påføre eit vonde ved straff. Administrativ inndraging skjer difor utan omsyn til subjektiv skuld, det må berre påvisast at fangsten objektivt sett er hausta i strid med lova.»

Høgsterett har i Rt. 2007 s. 1217 stadfesta at administrativ inndraging ikkje er å rekne som straff etter EMK artikkel 6. I dommen står det følgande om dette:

«Da inndragning etter saltvannsfiskeloven § 11 tredje ledd ikke har noe pønalt formål, men bare har som formål å sikre at den som har fanget eller ervervet fisk ulovlig, må gi fra seg fisken, vil verken en separat eller samlet vurdering av Engel-kriteriene kunne føre til at inndragningen blir klassifisert som straff».

Dersom den inndregne fangsten eller fangstverdien knyt seg til ein art som er kvoteregulert, vil ikkje fartøyet bli kvotebelasta for den ulovlege, inndregne fangsten. Fartøyet kan derfor fiske vidare utan frådrag for den ulovlege fangsten som blei inndratt, men dette gjeld vel og merke berre dersom dette kan gjennomførast innanfor det tidsrommet kvota gjeld for. Dette er eit utslag av at administrativ inndraging fastsettast utan omsyn til skyld, og at fiskaren skal stillast som om det ulovlege fisket ikkje var gjennomført.

Det kan vere grunnlag for administrativ sanksjon eller straff i tillegg til administrativ inndraging dersom reglane er brotne med vilje eller ved aktløyse. Dette inneber at ei sak kan resultere både i administrativ inndraging og til dømes vedtak om lovbrotsgebyr eller melding til politiet. Ved utmåling av eventuell straffeprosessuell inndraging vil ein ta omsyn til den administrative inndraginga, jf. Ot.prp. nr. 20 (2007-2008) punkt 7.4.4.2.

3.6. Objektivt grunnlag, beviskrav og skal-regel

Administrativ inndraging gjennomførast uavhengig av om det er utvist skyld og det stillast berre krav om at det føreligg eit objektivt brot på fiskeriregelverket, jf. utdraget frå førearbeida



punkt 7.4.4.2 ovanfor. Årsaka til at regelverket er brote har altså ikkje betydning for spørsmålet om inndraging. Fiskaren kan ha gjort sitt beste for å utøve eit lovleg fiske, men må likevel tåle administrativ inndraging dersom reglane blir brotne. Manglande kjennskap til eller misforståing av regelverket er heller ikkje noko ein kan vektlegge. Administrativ inndraging er ei regulering av eigedomsretten til tidlegare eigarause ting, og noko skyldspørsmål skal derfor ikkje vurderast, jf. utdraget frå Ot.prp. nr 39 (1975-76) ovanfor.

Beviskravet for at det ligg føre eit objektivt lovbroten er klar sannsynsovervekt for at det aktuelle faktumet har skjedd, jf. Ot.prp. nr. 20 (2007-2008) punkt 7.4.4.4.

Det skal gjerast vedtak om inndraging dersom det er klar sannsynsovervekt for at ein regel er objektivt broten, og det er altså ikkje rom for skjønn ved avgjerda om det skal gjerast administrativ inndraging. Dette inneber at forvaltninga ikkje kan vurdere om det er rimeleg å inndra fangsten i dei ulike tilfella, og korkje salslaga eller Fiskeridirektoratet kan altså velje om dei vil gjere vedtak om inndraging eller ikkje.

3.7. Rekkevidde

Heimelen til å vedta administrativ inndraging av fangst skal omfatte all fangst som er hausta eller levert i strid med føresegner som er fastsette i eller i medhald av havressurslova eller deltakarlova.

I førearbeida s. 219 som inneheld merknadar til § 54 står det følgjande om døme på kva som er omfatta av føresegna:

«Føresegna gjev heimel til inndraging ved fangst ut over kvote, ved brot på tekniske reguleringar som reiskapsreglar, bifangst osb., ved brot på reglar om stenging av område, kort sagt ved brot på alle reglar om hausting i havressurslova og deltakarlova.

Føresegna slår vidare fast at fangst eller verdien av fangst levert i strid med føresegner i eller i medhald av havressurslova og deltakarlova går til det salslaget som har retten til å omsetje fangsten. Dette omfattar til dømes fangst som er teken i strid med konsesjonen til fartøyet eller dersom haustar ikkje har løyve til å hauste eller ikkje har løyve til å hauste med spesielle reiskapar. Det omfattar vidare fangst som er levert i strid med føresegnene i lova, som der fangsten vert registrert levert på eit anna fartøy enn det som har teke fangsten, jf. også Ot.prp.nr.92 (2000–2001) kapittel 3.3.6. der dette er omtala. Første ledd omfattar brot på opplysningsplikter ved levering av fangst, og kan nyttast når det er skrive feil fiskeslag, produkttilstand, kvantum o.a. på landings- og sluttsetlar.»

Sjølv om haustingsoperasjonen ikkje nødvendigvis er i strid med føresegner i eller i medhald av lova, vil brot på etterfølgjande plikter kunne leggje til rette for å skjule ulovleg hausting. I 2001 vart som nemnt saltvassfiskelova § 11 tredje ledd endra for å gje heimel til administrativ inndraging av fangst også ved levering i strid med lova. I punkt 7.4.4.3 er det utfyllande informasjon om kva lovbroten som eksempelvis er omfatta av «levert»:

«Det inkluderer tilfelle der fangsten er registrert på feil fartøy på landings- og sluttsetlar. [...] Når fangst som er levert i strid med føresegnene i eller i medhald av havressurslova kan verte inndregen, betyr det at brot på ulike registreringsplikter ved levering gjev grunnlag for administrativ inndraging. Det gjeld til dømes når det er skrive feil fiskeslag, produkttilstand eller kvantum. Departementet er samd med Fiskeridirektoratet i at fiskar eller mottakar av fangst ikkje skal ha rett til å behalde fangstverdien i dei tilfella der fangsten ikkje har vorte levert eller registrert i tråd med



gjeldande reglar. Ein kan og tenkje seg andre former for feilopplysningar på landings- og sluttsetel som gjev grunnlag for inndraging.»

Også tilfelle der setel ikkje er ført i det heile tatt, er lovbrøt som er omfatta havressurslova § 54. Og dersom ein fiskar ikkje fører all fangsten på setel, kan verdien av den fangsten som ikkje er ført på setelen verte inndregen, sjølv om fartøyet ikkje har fiska heile kvota si. Åtgangen til å fatte vedtak om administrativ inndraging gjeld altså i praksis for regelbrøt fram til sluttsetel er fullført og fangsten er omsett.

Ordlyden i § 54 er vidt utforma, men det er vel og merke ikkje alle føresegnene som er fastsette i eller i medhald av havressurslova eller deltakarlova som er omfatta av verkeområdet til havressurslova § 54. Når ein skal vurdere kva regelbrøt som skal kunne leie til administrativ inndraging, må det takast utgangspunkt i omsyna bak eit slikt system, jf. Ot.prp. nr 20 (2007-2008) punkt 7.4.4.3 som uttalar det følgjande om rekkevidda av § 54:

«Når det gjeld brot på andre opplysningsplikter, som til dømes brot på reglar om sporing fastsette i eller i medhald av lova, vert spørsmålet kva for omsyn som ligg til grunn for inndraging av fangst i desse tilfella.

Departementet ser at gode grunnar talar for at det er mogleg å inndra fangstverdi ved brot på etterfølgjande opplysningsplikter, ut frå ei vurdering av at fiskaren heller ikkje skal ha rett til å behalde fangst i dei tilfella der han ikkje har oppfylt opplysningspliktene sine. Dette vil likevel vere noko anna enn at fangsten er levert i strid med føresegnene i eller i medhald av lova, fordi dei grunnleggjande pliktene ved levering, korrekt utfylling av landings- og sluttsetel, kan vere oppfylte.

Departementet meiner difor at inndraging i slike tilfelle må gjerast som ein sanksjon, då inndraginga her både har eit klart pønalt formål og vil verte oppfatta som ein pønalt reaksjon, i motsetning til inndraging av fangst som er hausta eller levert i strid med føresegnene i eller i medhald av lova.»

4. Om lista og utforminga av den nye føresegna

I punkt 5 kjem eit forslag til ei liste over lovbrøt som ikkje skal medføre inndraging av fangst, jf. havressurslova § 54 andre ledd bokstav b og f. Det blir også gitt ei konkret grunngiving for kvifor lovbrøt er med på lista, og til sist ei vurdering av i kva grad andre reaksjonsformer kan vere aktuelle.

Felles for fleire av dei foreslåtte føresegnene er at eit enkeltståande lovbrøt kan medføre ei akkumulering av inndragingsbeløpet fordi lovbrøtet vil ligge føre ved etterfølgjande fiskeriaktivitet. Det kan gi relativt høge beløp som medfører at ei inndraging kan framstå som unødvendig tyngande.

Vidare, er det også felles for fleire av dei foreslåtte meldings- og påmeldingsordningane at det enten ikkje er knytt materielle vilkår til deltaking, eller at vilkåra er knytt til allereie eksisterande og/eller lett kontrollerbare eigenskapar ved ein person eller fartøy, til dømes alder. Dette gjer at sjølve meldinga/påmeldinga ikkje er definerande for retten til å delta. I dei tilfella ein nærast har ein automatisk rett til å delta i fisket (vedkomande er til dømes under ein viss alder), og det ikkje er andre meir komplekse materielle vilkår, vil manglande melding eller påmelding ha karakter av å vere eit formellovbrøt. Det er den manglande meldinga eller påmeldinga som utgjer lovbrøtet i saka, mens eventuelle andre materielle vilkår er oppfylt. Inndraging ved slike lovbrøt kan framstå som unødvendig tyngande.



Det understrekest at utover dei føresegnene som foreslåast må alle andre vilkår i regelverket vere oppfylt. Dersom eit fartøy til dømes har gløymt å melde frå til Sjøtjenesten før utsegling, jf. reguleringsforskrifta for brisling § 5 som er foreslått å vere med på lista, er det ein føresetnad at det er den manglande meldinga som utgjer lovbrotet i saka, og at fartøyet oppfyller alle andre materielle vilkår for å delta i fisket etter brisling.

Det understrekest også at lista ikkje inneber ei legalisering av lovbrota. Lovbrota kan derfor leie til andre reaksjonar eller sanksjonar.

I punkt 6 blir det presentert eit krav som kan vere aktuell for lista, men der vi ønskjer å få høyringsinstansane sine innspel før det eventuelt blir lagt til i lista over lovbrot som ikkje skal medføre administrativ inndraging.

I gjennomgangen punkt 5 og 6 blir det vist til dagens gjeldande regelverk og utdrag frå aktuelle føresegner, for å gjere høyringsnotatet lesevennleg og tydeleggjere kva krav det er snakk om. Den foreslåtte nye føresegna er mindre detaljert, då den er utforma på ein slik måte at det ikkje er behov for å oppdatere føresegna kvar gong det kjem ei ny årleg forskrift, eller når føresegner får nye paragrafnummer og liknande.

Den foreslåtte forskriftsfesta lista er også utforma så generelt som mogleg for å fange opp like krav i andre forskrifter som ikkje er nemnt i punkt 5, til dømes dersom det i framtida blir forskriftsfesta like krav i andre forskrifter. Oversikta over føresegner nemnt i punkt 5 er med andre ord ikkje nødvendigvis uttømande, samtidig som det er forsøkt å liste opp alle gjeldande føresegner som inneheld dei aktuelle krava som den forskriftsfesta lista er meint å omfatte.

Den foreslåtte lista inneheld både lovbrot som ikkje er omfatta av verkeområdet til § 54 fyrste ledd, og lovbrot som er omfatta verkeområdet men som no foreslåast unntatt frå inndraging, jf. Prop. 32 L. (2022-2023) kapittel 5 andre avsnitt og kapittel 7. Når det gjeld dei opplista lovbrota som ikkje er omfatta av verkeområdet til § 54 fyrste ledd, er lista ikkje uttømande - formålet med å liste opp desse lovbrota er å avklare regelverket der det kan ha vore tvil rundt verkeområdet. Når det gjeld dei opplista lovbrota som er omfatta av verkeområdet til § 54 fyrste ledd, men som foreslåast unntatt i medhald av § 54 andre ledd bokstav f, er lista uttømande. Lovbrot som ikkje står på lista og som er omfatta av verkeområdet til § 54 fyrste ledd, *skal* dermed medføre administrativ inndraging.

5. Forslag til liste over lovbrot som ikkje skal medføre administrativ inndraging

5.1. Krav om melding før utsegling eller oppstart av fiske

- Forskrift 18. desember 2024 nr. 3249 om regulering av fisket etter vassild og strømsild i 2025 § 5

«Fartøy som skal delta i fisket etter vassild må melde fra til Fiskeridirektoratets sjøtjeneste senest 48 timer før utseiling. Melding skal sendes til sjotjenesten@fiskeridir.no.»

- Forskrift 27. juni 2024 nr. 1384 om regulering av fisket etter brisling i 2024-2025 § 5 siste ledd:

«Fartøy som skal delta i fisket etter kystbrisling må melde fra til Fiskeridirektoratets sjøtjeneste senest 48 timer før utseiling. Melding sendes på e-post til sjotjenesten@fiskeridir.no.»

Grunngiving

Føresegnene stiller krav om at ein skal sende melding til Sjøtjenesten før ein startar eit fiske. Kravet om å sende melding er i hovudsak gitt av kontrollomsyn. Føresegnene skal gi



Kystvakten/Sjøtjenesten informasjon om at eit fartøy skal i gang med å fiske, slik at dei får høve til å setje inspektør om bord dersom dei ønskjer det, og føre kontroll med fiskeriet. Ved manglande eller for sein melding er praksis å ivareta kontrollomsynet på andre måtar; til dømes be fartøyet om å kome tilbake eller be fartøyet vente litt med å starte fisket.

Inndraging ved brot på desse føresegnene vil kunne medføre uforholdsmessig høge inndragingsbeløp sett opp mot kor alvorleg lovbroten er, og det kan vere unødvendig tyngande å få inndratt fangsten som følgje av eit slikt lovbroten. Det kan derfor vere meir hensiktsmessig med andre reaksjonar.

5.2. Krav om melding om aktivitet ved fangst av kongekrabbe i kvoteregulert område

Forskrift 17. desember 2024 nr. 3184 om regulering av fangst av kongekrabbe i kvoteregulert område øst for 26 grader øst mv. i 2025 (reguleringsforskrifta for kongekrabbe i kvoteregulert område)

- § 10. Melding om aktivitet

«Fartøy som deltar i fangst av kongekrabbe i kvoteregulert område skal sende melding til Fiskeridirektoratet når fartøy starter og avslutter fangst i det kvoteregulerte området. Dette gjelder også ved oppstart av fangst etter en eventuell refordeling. Melding om oppstart skal sendes senest 2 døgn før fangsten starter. Fangsten anses startet når redskapen settes i sjøen. Melding om avslutning av fangst skal sendes samme dag som siste redskap tas opp av sjøen.»

Meldingen sendes på elektronisk skjema som er tilgjengelig på www.fiskeridir.no.»

- § 16. Turistfiske og undervisningskvoter, fjerde ledd:

«Turistfiskebedrifter skal sende melding i forkant av planlagt aktivitet. Melding om aktivitet skal sendes senest 10 timer før oppstart av planlagt aktivitet. Fiskeridirektoratet kan gi dispensasjon i særlige tilfeller hvor fristen for melding om aktivitet ikke var mulig å overholde. Meldingen sendes på elektronisk skjema som er tilgjengelig på www.fiskeridir.no.»

Grunngiving

Føresegnene er i hovudsak gitt av kontrollomsyn, slik at kontrollstyresmaktene kan undersøkje om forholdet er i tråd med gjeldande lovgiving. I tillegg gir føresegnene eit sjølvstendig insentiv til å forsikre seg om at ein til eikvar tid handlar i samsvar med gjeldande regelverk, då det vil vere etterprøvbart om regelverket ikkje har blitt fulgt.

Inndraging ved brot på desse føresegnene vil kunne medføre uforholdsmessig høge inndragingsbeløp sett opp mot kor alvorleg lovbroten er, og det kan vere unødvendig tyngande å få inndratt fangsten som følgje av eit slikt lovbroten. Det kan derfor vere meir hensiktsmessig med andre reaksjonar.

5.3. Krav om melding før oppstart av fiske på ulike kvoteordningar

Forskrift 20. desember 2024 nr. 3491 om regulering av fisket etter torsk, hyse og sei nord for 62° N i 2025:

- § 22 om kystfiskeordninga for torsk, siste ledd:

«Før oppstart av fisket på tilleggskvoten, skal det sendes skriftlig melding til Fiskeridirektoratet med alle nødvendige opplysninger om organisasjonsnummer, kommune, startdato, fartøy, registreringsmerke samt eiers navn og bostedsadresse. Pliktig melding sendes på skjema tilgjengelig fra Fiskeridirektoratets nettsider.»



- § 23 om ungdomstillegg, siste ledd:

«Før oppstart av fisket på ungdomstillegget, skal det sendes skriftlig melding til Fiskeridirektoratet med nødvendige opplysninger. Pliktig melding sendes på skjema tilgjengelig fra Fiskeridirektoratets nettsider.»

Grunngiving

Føresegnene stiller krav om påmelding til kvoteordninger. Når det gjelder kystfiskeordninga for torsk har dei som har merkeregistrerte fartøy i opa gruppe med eigar busett i konkrete områder, jf. § 22 fyrste og andre ledd, rett på eit kvotetillegg. Når det gjelder ungdomstillegg i fisket etter torsk har dei som har merkeregistrerte fartøy i opa gruppe med majoritetseigar som er 30/40 år eller yngre, ref. § 23 fyrste og andre ledd, rett på eit kvotetillegg. Desse kvotetillegga er ein rettighet dei automatisk har som følgje av førehandsdefinerte kriterium, blant anna bustadkommune eller alder.

Manglande skriftleg melding framstår dermed som eit formellovbrot, og det kan vere unødvendig tyngande å få inndratt fangsten som følgje av eit slikt lovbrot. Det kan derfor vere meir hensiktsmessig med andre reaksjonar.

5.4. Krav om påmelding ved levandelagring av torsk

- Forskrift 20. desember 2024 nr. 3491 om regulering av fisket etter torsk, hyse og sei nord for 62° N i 2025 § 33 om levandelagring av torsk i fisket med konvensjonelle reiskap – kvoteavrekning og plikter ved rømming, fyrste ledd:

«Før fartøyet starter fiske etter torsk som skal føres levende om bord, skal det sendes skriftlig påmelding til Fiskeridirektoratet.»

Grunngiving

Det er ingen materielle vilkår for å få levandelagre torsk, utover den skriftlege påmeldinga. Brot på denne føresegna kan derfor reknast som eit formellovbrot, og det kan vere unødvendig tyngande å få inndratt fangsten som følgje av eit slikt lovbrot. Det kan derfor vere meir hensiktsmessig med andre reaksjonar.

5.5. Krav om melding og påmelding ved partråling

- Forskrift 18. desember 2024 nr. 3485 om regulering av fisket etter makrell i 2025 § 11 om partråling, fyrste ledd bokstav a og andre ledd, fyrste punktum:

a. Fartøyene må være skriftlig påmeldt som partrållag til Norges Sildesalgslag før fisket tar til [...]

Før oppstart av fisket med partrål skal det sendes melding til Fiskeridirektoratet.»

- Forskrift 20. desember 2024 nr. 3399 om regulering av fisket etter norsk vårgytende sild (nvg) i 2025 § 9 om partråling, fyrste ledd bokstav a og andre ledd:

a. Fartøyene må være skriftlig påmeldt som partrållag til Norges Sildesalgslag før fisket tar til [...]

Før oppstart av fisket med partrål skal det sendes melding til Fiskeridirektoratets.»

- Forskrift 20. desember 2024 nr. 3506 om regulering av fisket etter sild i Nordsjøen og Skagerak i 2025 § 11 om partråling, fyrste ledd bokstav a og andre ledd, fyrste punktum:

a. Fartøyene må være skriftlig påmeldt som partrållag til Norges Sildesalgslag før fisket tar til [...]

Før oppstart av fisket med partrål skal det sendes melding til Fiskeridirektoratet.»



- Forskrift 18. desember 2024 nr. 3201 om regulering av fisket etter kolmule i 2025 § 10 om partråling, første ledd bokstav a :

a.Fartøyene må være skriftlig påmeldt som partrållag til Norges Sildesalgslag før fisket tar til.»

- Haustingsforskrifta § 14 om partråling etter botnfisk med stormaska trål sør for 62° N, første ledd bokstav a:

«a.Fartøyene må være skriftlig påmeldt som partrållag til vedkommende salgslag før fisket tar til.»

Grunngiving

I føresegnene om partråling er det krav om å sende skriftleg påmelding til eit salslag og i nokre av partrålingsføresegnene skal det i tillegg sendast melding til Fiskeridirektoratet før oppstart av fisket. Ved partråling er begge fartøya på feltet og går saman om ein fiskeoperasjon, og partråling er lett å kontrollere ved tilstadevering. Partråling skil seg dermed vesentleg frå til dømes samfiskeordninga for kvitfisk og kvotesamarbeidsordninga for makrell, der det eine fartøyet ligg passivt.

Manglande påmelding og melding om oppstart ved partråling kan reknast som eit formallovbrot, og det kan vere unødvendig tyngande å få inndratt fangsten som følgje av eit slikt lovbrøt. Det kan derfor vere meir hensiktsmessig med andre reaksjonar.

5.6. Krav om påmelding og å utpeike ansvarshavande ved samfiske av pelagiske fangstar

Haustingsforskrifta:

- § 36 om krav til påmelding, første ledd første punktum:

«Fartøy som skal drive samfiske må før samfisket starter være skriftlig påmeldt som samfiskelag til Norges Sildesalgslag.

- § 36 om krav til påmelding, første ledd siste punktum:

«Ved påmelding må samfiskerne utpeke en av deltakerne som ansvarshavende.»

Grunngiving

Samfiske og samføring av pelagiske fangstar er regulert i haustingsforskrifta kapittel VII, der § 36 regulerer krav til påmelding og tal på fartøy i eit samfiskelag. Pelagisk samfiske etter haustingsforskrifta kapittel VII kan samanliknast med partråling, då samarbeidet forutset at begge fartøya deltek aktivt ved gjennomføringa av notkast og låssetting av fangst.

Grunngivinga for at føresegna om partråling er aktuell for lista gjer seg dermed tilsvarende gjeldande for pelagisk samfiske som følgjer av haustingsforskrifta kapittel VII.

Ved manglande påmelding eller manglande utpeiking av ansvarshavande blir fangsten under samfiskelaget ulovleg. Manglande påmelding og utpeiking av ansvarshavande framstår som formallovbrot og det kan vere unødvendig tyngande å få inndratt fangsten som følgje av eit slikt lovbrøt, og det kan vere meir hensiktsmessig med andre reaksjonar.

5.7. Krav om påmelding ved hausting av hummar

- Forskrift 23. desember 2021 nr. 3890 om hausting av hummar § 2 om påmelding og tildeling av deltakarnummer, første ledd:

«Ingen kan høste hummer uten først å være påmeldt til Fiskeridirektoratet på fastsatt måte. Påmeldingen gjelder for én sesong, og må inneholde navn, adresse, telefonnummer og



eventuell annen informasjon som er nødvendig for å identifisere og komme i kontakt med den som skal høste.»

Grunngiving

Bakgrunnen for denne påmeldingsregelen er at Havforskningsinstituttet (HI) skal få oversikt over kor mange som haustar eller kan hauste hummar, og skal kunne ta kontakt med haustarane for nærare forskingsoppdrag. Alle kan hauste hummar, og det er dermed ingen materielle vilkår for å hauste hummar utover sjølve påmeldinga. Manglande påmelding framstår som eit formallovbrot og det kan vere unødvendig tyngande å få inndratt fangsten som følgje av eit slikt lovbrøt. Det kan vere meir hensiktsmessig med andre reaksjonar.

5.8. Krav om påmelding ved deltaking i ungdomsfiskeordninga

- Forskrift 30. april 2024 nr. 702 om regulering av ungdoms rett til å delta i fisket i 2024 (forskrift om ungdomsfiskeordninga) § 2 om ungdomsfiskeordninga, fyrste ledd andre punktum:

«Den som skal delta i ungdomsfiskeordningen må melde seg på ved innsending av skjema tilgjengelig på Fiskeridirektoratets nettside, og ha fått tildelt deltakernummer.»

Det visast til forskrift for ungdomsfiskeordninga for 2024 sjølv om denne er oppheva, då det per i dag ikkje har kome ei tilsvarande forskrift for 2025.

Grunngiving

Ved deltaking i ungdomsfiskeordninga er det alderen, og eventuelt også fartøylengd eller innsending av kopi av leveringsavtale jf. § 2 tredje og fjerde ledd, som er avgjerande for retten til å delta. Manglande påmelding framstår som eit formallbrot, og det kan vere unødvendig tyngande å få inndratt fangsten som følgje av eit slikt lovbrøt. Det kan vere meir hensiktsmessig med andre reaksjonar.

5.9. Krav om innsending av kopi av leveringsavtale

- § 2 i forskrift om ungdomsfiskeordninga, fjerde ledd fyrste punktum:

«For å delta i fisket etter leppefisk under ungdomsfiskeordningen, skal kopi av leveringsavtale med godkjent kjøper være vedlagt ved registrering hos Fiskeridirektoratet.»

- Forskrift 16. desember 2024 nr. 3142 om regulering av fiske etter leppefisk i 2025 (reguleringsforskrifta for leppefisk) § 6 om fritidsfiske, fyrste ledd fjerde punktum:

«Kopi av leveringsavtalen må sendes til Fiskeridirektoratet før fartøyet starter opp med å fiske etter leppefisk.»

Grunngiving

Føresegnene stiller krav om innsending av kopi av leveringsavtale med godkjent kjøpar før oppstart av fiske. Krav om innsending av kopi av leveringsavtale før fartøyet starta å fiske leppefisk var tidlegare eit vilkår i deltakarforskrifta for å kunne delta i lukka og opa gruppe. Dette er ikkje lenger eit krav i deltakarforskrifta (frå og med 2022). Brot på eit slikt krav framstår som eit formallovbrot, under føresetnad av at vedkomande reint faktisk har ein slik leveringsavtale og at vedkomande fekk leveringsavtalen før oppstart av fisket. Det kan då vere unødvendig tyngande å få inndratt fangsten som følgje av eit slikt lovbrøt, og det kan vere meir hensiktsmessig med andre reaksjonar.

5.10. Krav om merking av fartøy

- Deltakarlova § 24 om merking av fartøy:



«Fartøy som skal nyttes til ervervsmessig fiske eller fangst, skal merkes slik departementet bestemmer»

- Forskrift 7. desember 2012 nr. 1144 om ervervstillatelse, registrering og merking av fiskefartøy mv. (ervervsløyveforskrifta) §§ 22 til 24:

§ 22. Fiskerimerke

§ 23. Plassering, størrelse og farge på fiskerimerket

§ 24. Fiskerimerke ved salg av fartøy, endringer av kommunegrenser mv.

Grunngiving

Desse føresegnene gjeld informasjon om og oppskrift på merking av fartøy. Brot på disse føresegnene er å rekne som formallovbrot, og administrativ inndraging som følge av brot på disse føresegnene kan vere unødvendig tyngande. Det kan vere meir hensiktsmessig med andre reaksjonar.

5.11. Krav om at høvedsmann skal vere ført i fiskarmanntalet

Forskrift 19. desember 2024 nr. 3322 adgang til å delta i kystfartøygruppens fiske og enkelte andre fiskerier i 2025 (deltakarforskrifta) har føresegner som stiller vilkår om at høvedsmann skal vere ført i fiskarmanntalet. For å delta i opa gruppe i dei ulike fiskeria er det eit vilkår om at høvedsmann må vere ført i fiskarmanntalet, mens det i lukka gruppe er eit krav om at høvedsmann må vere ført på blad B i fiskarmanntalet.

Grunngiving

Det følgjer av NFD sin instruks av 30. juni 2020 at manglande registrering i fiskarmanntalet av fartøyet sin høvedsmann ikkje skal danne grunnlag for administrativ inndraging. Dette gjeld uavhengig av om vedkomande oppfyller vilkåra for å stå i fiskarmanntalet eller ikkje. På bakgrunn av dette foreslåast det at det blir forskriftsfesta at brot på kravet om manntalsføring i deltakarforskrifta ikkje skal medføre administrativ inndraging.

5.12. Krav om elektronisk rapportering av fangst-, aktivitets- og posisjonsdata

Dette omfattar krav om elektronisk rapportering av fangst-, aktivitets- og posisjonsdata i:

- forskrift 21. desember 2009 nr. 1743 om posisjonsrapportering og elektronisk rapportering for norske fiske- og fangstfartøy (ERS-forskrifta)
- forskrift 19. desember 2009 om elektronisk rapportering for norske fiske- og fangstfartøy under 15 meter (forskrift om kystfiskeappen)
- andre forskrifter om elektronisk rapportering av fangst-, aktivitets- og posisjonsdata, til dømes forskrift 30. august 2010 nr. 1230 om rapportering (posisjon, fangst og aktivitet) og kontroll mv. ved fiske og fangst i Svalbards territorialfarvann
- enkelte føresegner om elektronisk rapportering av fangst-, aktivitets- og posisjonsdata som finnast andre forskrifter, til dømes føresegner om posisjonsrapportering i reguleringsforskrifta for leppefisk § 13 og reguleringsforskrifta for kongekrabbe i kvoteregulert område § 11

Grunngiving

Krav om elektronisk rapportering av fangst-, aktivitets- og posisjonsdata er i hovudsak grunngitt i kontrollformål. Fiskeridirektoratet har ikkje praksis for å gjere administrativ inndraging ved brot på slike rapporteringskrav, og det er meir hensiktsmessig med andre reaksjonar. Dette inneber at til dømes manglande, mangelfulle, eller feil i meldingar om DEP, DCA og POR ikkje medfører administrativ inndraging.



Vi presiserer i denne sammenheng at det skal gjerast inndraging dersom det dreier seg om relevant feil på setel eller anna rapporteringsbrot i samband med levering av fangst. Det som er omtala har i punkt 5.12 omfattar altså ikkje krav i tilknytning til utfylling av landings- og sluttsetlar.

5.13. Krav om rapportering ved bruk av mellomlagringsmerder og samleteiner

- Reguleringsforskrifta for leppefisk i 2025 § 12 om rapportering ved bruk av mellomlagringsmerd, andre ledd fyrste punktum:

«Fartøy som bruker mellomlagringsmerd skal rapportere antall merder og posisjon for disse til Kystvakten når merder tas i bruk, når merder flyttes, når merder tas opp eller ikke lenger benyttes for mellomlagring av fangst.»

- Forskrift 17. desember 2024 nr. 3184 om regulering av fangst av kongekrabbe i kvoteregulert område øst for 26 grader øst mv. i 2025 § 15 om bruk av samleteiner, tredje ledd fyrste punktum:

«Fartøy som bruker samleteiner skal rapportere til Kystvakten når slike teiner tas i bruk, antall teiner og posisjon for disse.»

- Forskrift 6. august 2004 nr. 1147 om fangst av kongekrabbe utenfor kvoteregulert område

§ 6 om bruk av samleteiner, tredje ledd fyrste punktum:

«Fartøy som bruker samleteiner skal rapportere når slike teiner tas i bruk, antall teiner og posisjon for disse.»

§ 7 om rapportering av fangst, tredje ledd:

«Fartøy og fiskemottak som bruker samleteiner for mellomlagring av fangst før levering, skal rapportere til Kystvaktsentralen på Sortland per telefon (tlf. 07611) når slike teiner tas i bruk. Det skal samtidig gis opplysninger om hvor mange samleteiner som er benyttet og posisjon for disse.»

Grunngiving

Føresegnene er i hovudsak gitt av kontrollomsyn, slik at kontrollstyresmaktene kan undersøkje om forholdet er i tråd med gjeldande lovgiving. I tillegg gir føresegnene eit sjølvstendig insentiv til å forsikre seg om at ein til eikvar tid handlar i samsvar med gjeldande regelverk, då det vil vere etterprøvbart om regelverket ikkje har blitt fulgt. Føresegnene bidreg også til at det er enklare å vurdere og konstatere om fiskar har vore aktlaus, dersom det skal vurderast om eit bruk er registrert på feil stad eller på feil måte.

Fiskeridirektoratet har ikkje praksis for å gjere administrativ inndraging ved brot på desse føresegnene, og meiner det er meir hensiktsmessig med andre reaksjonar.

5.14. Krav om merking av fangstreiskap og oppbevaringsanordningar

- Haustingsforskrifta § 66 om krav til merking

«Redskap som står i sjøen skal ha minst ett vak (blåse, flyt eller dobbe) som er tydelig merket med fartøyets registreringsmerke. Dersom det ikke brukes registreringspliktig fartøy, skal vaket være merket med eierens navn og adresse. Dersom det brukes flere vak, skal samtlige vak være merket som beskrevet.»

Sanketeiner og samleposer som er satt for å oppbevare villlevande marine ressurser i sjø skal være merket på tilsvarende måte. Not eller merd som brukes til låssetting skal være merket med minst to vak.



Alle teiner som benyttes til fangst av snøkrabbe skal være tydelig merket med fartøyets registreringsmerke. Merket skal være lett synlig på teinen og kan ikke være plassert i bunnen av teinen. Det er ikke nødvendig å bruke vak.

Ved fiske etter blåkveite med garn skal første og siste garn i hver garnlenke være merket med fartøyets registreringsmerke. Merket skal festes til garnets flyteline og være godt synlig og lett lesbart»

- Haustingsforskrifta § 67 om krav til merking av teiner og ruser i rekreasjonsfiske
«Teiner og ruser som er satt i sjøen fra fartøy som ikke er merkeregistrert eller fra land, skal være tydelig merket med eierens navn og adresse. Merket skal være lett synlig på redskapen. Dersom flere redskaper er satt i lenke, gjelder kravet om merking hvert enkelt redskap i lenken. Sanke- og samleteiner som står i sjøen for oppbevaring av skalldyr fanget i rekreasjonsfiske skal være merket på samme måte.

Merking skal ikke foretas på de deler av en teine som er beregnet for å flyte opp til overflaten etter en tid i sjøen (flyteelement).

Kravet til merking av teiner og ruser i bestemmelsen her gjelder i tillegg til kravet til merking av vak i § 66»

- Forskrift om høsting av hummer § 3 om merking
«Teiner som står i sjøen til høsting av hummer skal ha minst ett vak (blåse, flyt eller dobbe) som er tydelig merket med fiskerens deltakernummer.

I tillegg skal vaket være tydelig merket med fartøyets registreringsmerke. Dersom det ikke benyttes registreringspliktig fartøy, skal redskapet være merket med eierens navn og adresse.

Det er ikke tillatt å benytte redskap som ikke har vak. Vakete skal være godt synlig.

Sanketeiner og samleposer som er satt for å oppbevare hummer i sjøen skal være merket på tilsvarende måte.»

Grunngiving

Føresegnene er gitt av kontrollomsyn, og skal gjere det mogleg for den som kontrollerer å kome i kontakt med den som ei reiskapen. Merkinga er nødvendig for å sikre at det er mogleg å kome i kontakt med rette eigar ved regelbrot eller ved tap av reiskap. Fiskeridirektoratet har ikkje praksis for å gjere administrativ inndraging ved brot på desse føresegnene, og meiner det er meir hensiktsmessig med andre reaksjonar.

5.15. [Krav ved overdraging av aksjer, eigarandelar m.v.](#)

- Deltakarlova § 9 om overdraging av aksjar, eigarandelar m.v., og føresegner fastsett i medhald av § 9 (dvs. kapittel 11a i ervervsløyveforskrifta)

«Aksje eller part i selskap eller sammenslutning som direkte eller indirekte eier merkeregistrert fartøy, må ikke overdras til annen eier uten at departementet på forhånd har gitt tillatelse til endring i eiersammensetningen.

Kongen kan ved forskrift gi regler om meldeplikt ved eierendringer. Når det er innført slik meldeplikt, gjelder ikke forbudet mot overdragelse før det er gitt tillatelse. Reglene om meldeplikt kan likevel inneholde forbud mot overdragelse før en viss frist etter at meldingen er sendt.»



- *Kapittel IIA. Meldeplikt ved eierendringer i fiskefartøy*
- § 4a. Innledende bestemmelse
- § 4b. Overdragelser hvor det er tilstrekkelig med en meldeplikt
- § 4c. Krav til meldingen og ansvar for innmelding
- § 4d. Gjennomføring av meldepliktig eierendring

Grunngiving

Fiskeridirektoratet har ikkje praksis for å gjere administrativ inndraging ved brot på desse føresegnene, og meiner det er meir hensiktsmessig med andre reaksjonar ved brot på dette regelverket.

Ei anna sak er at eigarendringar kan medføre at løyve eller åtgang til å fiske tilbakekallast eller fell bort. Manglande løyve eller åtgang til å fiske skal då medføre administrativ inndraging av fangst. I slike tilfelle er det ikkje brot på deltakarlova § 9 som er årsaka til inndraginga.

6. Krav som kan vere aktuelt, men som ikkje er foreslått til lista i høyringsnotatet

6.1. Krav om samtidig underteikning av setel

For sein underteikning av setel, ved at setel ikkje blir underteikna før den som landar forlet mottaksstaden, men i staden blir underteikna etter avreisetidspunktet, utgjer eit brot på det som ofte blir omtala som samtidigheitskravet. Samtidigheitskravet er fastsett i forskrift 6. mai 2014 nr. 607 om landings- og sluttseddel (landingsforskrifta):

- § 8 fyrste ledd siste punktum:
«Seddelen skal undertegnes av mottaker eller dennes representant og den som lander, før denne forlater mottaksstedet, [...]»
- § 8 andre ledd siste punktum:
«Seddelen skal undertegnes av kjøper eller dennes representant og den som lander, før denne forlater mottaksstedet, [...]»

Grunngiving

Bakgrunnen for at samtidigheitskravet kan vere ein kandidat til lista over lovbrot som ikkje skal medføre inndraging, er at setlane kan innehalde høge beløp, samtidig som at årsaka til brot på samtidigheitskravet somme tider kan vere unnskyldelig. Ein slik situasjon vil somme tider kunne medføre uforholdsmessig høge inndragingsbeløp, der det kan vere unødvendig tyngande å få inndratt fangsten. Same omsynet ligg bak andre krav som er foreslått på lista.

Dersom brot på samtidigheitskravet ikkje skal medføre inndraging, meiner Fiskeridirektoratet at dette berre skal gjelde ved for sein underteikning av setel, ikkje ved manglande underteikning av setel, fordi manglande underteikning kan skjule fleire andre type lovbrot.

Fiskeridirektoratet er likevel usikre på om samtidigheitskravet bør stå på lista, då kravet er i kjernen av kva som er omfatta av «levert» i havressurslova § 54. Samtidigheitskravet er derfor ikkje sett på den foreslåtte lista i dette høyringsnotatet, men blir i staden omtala her slik at høyringsinstansane kan kome med sine innspel om kravet bør stå på lista, og også innspel når det gjeld avgrensinga mot manglande underteikning.



7. Andre aktuelle reaksjonsformer

Alternative reaksjonsformer ved brot på føresegnene foreslått til lista kan blant anna vere skriftleg rettleiing, tvangsmulkt, lovbrotsgebyr der det er det heimel for dette, eller melding til politiet for straff eller strafferettsleg inndraging. Val av alternativ reaksjonsform kjem an på ei konkret vurdering av den enkelte saka.

Det presiserast i denne samanheng at det ikkje alltid vil kunne reagerast med lovbrotsgebyr mot lovbrots som blir unntatt administrativ inndraging. Heimelen for å gi lovbrotsgebyr følgjer av forskrift 20. desember 2011 nr. 1437 om bruk av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr ved brot på havressurslova og deltakarlova § 4. Det er mange føresegner i fiskeriregelverket som ikkje er omfatta av § 4. Og for å kunne gi lovbrotsgebyr må det bevisast med klar sannsynsovervekt at det føreligg eit objektivt brot på ei føresegn som er omfatta av § 4, og at det er handla med forsett eller aktløyse i samband med lovbrots.

8. Konsekvensar

8.1. Omfang av inndragingssaker målt i tal, verdi og sakstyper

For å kunne vurdere konsekvensane må ein sjå hen til omfanget på inndragingssaker målt i tal, verdi og sakstyper, og også omfanget av saker som fell bort med forslaget. I denne samanheng har Fiskeridirektoratet utarbeidd ei oversikt over Fiskeridirektoratet sin inndragingspraksis frå og med 2016 og fram til og med 2024. Oversikta viser at Fiskeridirektoratet i denne perioden har fatta vedtak om administrativ inndraging i 313 saker.²

Årstal vedtak blei fatta	Vedtak 1. instans (beløp og tal på saker)	Derav saker om brot på oppmalingsforbodet ³	Under klagebehandli ng (beløp og tal på saker)	Oppheva vedtak (beløp og tal på saker)	Delvis omgjorde vedtak (beløpsreduksjon og tal på saker)	Beløp vedtak ekskl. oppheva og delvis omgjorde vedtak
2016	2 838 831 (18)	0	0	202 566 (2)	5 799 (1)	2 630 466
2017	2 541 340 (16)	0	0	351 316 (2)	0	2 190 024
2018	1 917 211 (19)	0	0	0	0	1 917 211
2019	26 219 777 (39)	16 392 (2)	0	21 668 950 (3)	126 507 (2)	4 424 320
2020	11 840 622 (31)	0	0	5 145 563 (6)	126 654 (1)	6 568 445
2021	5 771 548 (34)	211 522 (3)	151 682 (1)	1 206 268 (4)	0	4 565 280
2022	4 274 957 (33)	1 806 046 (19)	284 596 (2)	0	0	4 274 957
2023	8 682 937 (43)	604 625 (24)	822 766 (3)	4 391 620 (3)	0	4 291 317
2024	18 306 050 (80)	705 847 (42)	4 636 512 (2)	45 975 (1)	0	18 260 075
Total	82 393 313 (313)	3 344 432 (90)	5 895 556 (8)	33 012 258 (21)	258 960 (4)	49 122 095

Oversikta viser også at det i hovudsak er følgande kategoriar av lovbrots som har medført vedtak om administrativ inndraging:

- Brot på oppmalingsforbodet
- Ulovleg fiske (dvs. mangla deltakaråtgang / kvote / ervervsløyve / fiska i strid med forbod)
- Fangst registrert på feil fartøy
- Fartøyeigar stod ikkje om bord som høvedsmann
- For mykje fisk under minstemål
- Fiske på ulovleg tidspunkt
- Ulovleg reiskap/fartøy
- Fiske i strid med føresegnene om samfiske
- Brot på røktingsplikta

² Oversikta over saker skal i utgangspunktet vere komplett, men det må takast atterhald om risiko for at nokre saker ikkje har kome med i oversikta.

³ Sidan omfanget på saker om brot på oppmalingsforbodet er relativt stort når det gjeld tal på saker, er det grunn til å synleggjere omfanget på akkurat denne kategorien særskilt. Kolonnen som gjeld vedtak i 1. instans omfattar alle inndragingssakene, også oppmalingssakene.



- Fiske i ulovleg område
- Manglande innsending av kopi av leveringsavtale
- Brot på bustadkravet
- Feil ved utfylling/underteikning av sluttsetel
- Fartøy i same reiarlag deltok i eitt fiskeri med fleire fartøy
- Køyning av fangst med bil utan dispensasjon
- Manglande majoritetseigarskap
- Manglande manntalsføring
- Mangla åtgang i fisket pga flytting/busett i feil kommune
- Sluttsetel ikkje underteikna før fartøyet forlet mottaksstaden
- Fiske i strid med reglane om leigefartøy

Saker om brot på oppmalingsforbodet utgjør nær 30 prosent av alle inndragingssakene. Saker om ulovleg fiske, og fangst registrert på feil fartøy utgjør rundt 10 prosent per kategori. Saker der fartøyeigar ikkje stod om bord som høvedsmann, der det var for mykje fisk under minstemål og det blei fiska på ulovleg tidspunkt utgjør nær 6 prosent per kategori. Dei resterande kategoriane på lista utgjør dermed samla rundt 30 prosent av alle inndragingssakene (mellom rundt 1 og 4 prosent per type lovbrøt).⁴

Vi presiserer at inndragingsvedtak fatta av salslaga er ikkje omfatta av denne kartlegginga. Salslaga fattar inndragingsvedtak ved lovbrøt der dei har vedtakskompetanse etter forskrift om inndraging av fangst m.m. § 2. Dei to salslaga som har størst omfang på vedtak om administrativ inndraging, både i tal og omfang, er Norges Råfisklag og Norges Sildesalgslag (sjå Fiskeridirektoratet si nettside for [oversikt](#)). For 2024 sendte desse to salslaga inn rapport som blant anna viser omfanget på inndragingar fordelt på dei ulike lovbrøta der dei har vedtakskompetanse, jf. forskrift om inndraging av fangst m.m. § 6:

Norges Råfisklag:

§ 2 Vedtakskompetanse					
Tekst	Heimelsgrunnlag	Beløp 2024			Merknader
Fangst over kvote	Havressurslova § 12, § 13 el. § 14	40 294 243,44			
Omsetningsgrense for sports- og rekreasjonsfiske	Havressurslova § 23	233 600,09			
Ulovleg bifangst	Havressurslova § 16	3 304 707,45			
Fangst hausta i fredningstid	Utøvelsesforskrifta kap. VI	7 753 624,87			
Fangst ut over turkvote	Deltakerloven § 27				
Vedtak FiDir		5 069 785,81			
Sum		56 655 961,66			

Norges Sildesalgslag:

⁴ Prosentfordelinga er ikkje nøyaktig oppgitt. Bakgrunnen for dette er at det er vanskeleg å gjere ei presis sortering av sakene. Ein del av sakene kunne ha vore plassert i fleire kategoriar, då dei omfatta fleire ulike ulovlege handlingar eller at éi handling resulterte i brot på fleire ulike føresegnar. Det blei likevel vurdert å vere mest oversikteleg å plassere kvar sak i berre éin kategori, og saka er då plassert i den kategorien som blei vurdert å utgjere kjernen i saka. Om sorteringa hadde vore gjort annleis, kunne altså prosentfordelinga sett noko annleis ut. Vedtak som seinare blei oppheva av klageinstans eller NFD er inkludert i oversikta over kategoriar, men dette utgjør eit fåtal vedtak sett opp mot det totale talet på vedtak.



§ 2 Vedtakskompetanse						
Tekst	Heimelsgrunnlag	Beløp 2022	Beløp 2023	Beløp 2024	Beløp 2025	Merknader
Fangst over kvote	Havressurslova § 12 § 13 el 14	39 602 265	103 484 937	67 236 653		
Omsetningsgrense for sports- og rekreasjonsfiske	Havressurslova § 23					
Ulovlig bifangst	Havressurslova § 16	2 033 159	1 839	1 964 655		Ulovlig fangst HRL § 54
Brudd på fiskesalgssalgslova	§ 21			954 246		
Fangst hausta i fredingstid	Utovelsesforskrifta kap VI					
Fangst utover turkvote	Deltakerlova § 27					
Sum		41 635 424	103 486 776	70 155 554	-	

8.2. Omfanget av inndragingssaker som fell bort med forslaget

Når det gjeld Fiskeridirektoratet sin inndragingspraksis i perioden 2016-2024 ved brot på krava som er foreslått til lista, så var det fram til 2020 praksis for å gjere inndraging ved manglande manntalsføring av høvedsmann. Det har vore éi sak om manglande innsending av kopi av leveringsavtale i samband med ungdomsfiskeordninga, og éi sak om manglande påmelding ved pelagisk samfiske. Det kan i tillegg nemnast ei sak der eit salslag fatta vedtak om inndraging av fangstverdi som følgje av manglande påmelding til kystfiskeordninga, fordi fangsten som eigentleg utgjorde tilleggskvoten i staden blei å rekne som fangst utover kvote.

For ordens skyld, presiserast det at fleire av dei nemnde sakene omfatta også andre type lovbrøt som kunne medført inndraging på sjølvstendig grunnlag. Vidare er det grunn til å kommentere at årsaka til at det ikkje er inndragingshistorikk på ein del av føresegnene på lista kan vere fleire, til dømes at denne type lovbrøt enten ikkje har skjedd, ikkje har blitt kontrollert eller oppdaga, eller eventuelt ikkje har resultert i administrativ inndraging.

8.3. Oppsummert

Fiskeridirektoratet sin inndragingspraksis og omfanget på saker som fell bort med forslaget viser at endringane vil redusere talet på urimeleg tyngande inndragingssaker, i tråd med Stortinget sin intensjon. Samtidig vil det også gi auka føreseielegheit for aktørane når det gjeld brot på nokre type føresegner. Dette vil medføre noko mindre ressursbruk i fiskeriforvaltninga og hos næringsaktørane.

9. Forslag til forskriftsendring

Forskrift om endring i forskrift 12. mars 2010 nr. 390 om inndraging av fangst og bruk av inndregne midlar

Heimel: Fastsett av Nærings- og fiskeridepartementet [dato] med heimel i lov av 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) § 54 andre ledd bokstav b og f, jf. forskrift 12. mars 2010 nr. 390 om inndraging av fangst og bruk av inndregne midlar § 7.

I forskrift 12. mars 2010 nr. 390 om inndraging av fangst og bruk av inndregne midlar blir det gjort følgjande endringar:

I

§ 2 a (ny) skal lyde:

§ 2 a. Lovbrøt som ikkje skal medføre administrativ inndraging

Brot på følgjande krav skal ikkje medføre administrativ inndraging av fangst eller verdien av fangst etter havressurslova § 54:



- a. krav i reguleringsforskriftene om å melde frå til Sjøtenesta i Fiskeridirektoratet før utsegling eller før fisket startar
- b. krav i reguleringsforskrifta for fangst av kongekrabbe i kvoteregulert område aust for 26 grader aust mv. om melding om aktivitet
- c. krav i reguleringsforskrifta for fisket etter torsk, hyse og sei nord for 62 grader nord om å sende:
 1. skriftleg melding til Fiskeridirektoratet før oppstart av fisket på tilleggskvota i kystfiskeordninga for torsk og før oppstart av fisket på ungdomstillegget
 2. skriftleg påmelding til Fiskeridirektoratet før fartøyet startar fiske etter torsk som skal førast levande om bord
- d. følgande krav i føresegner om partråling i reguleringsforskriftene og i haustingsforskrifta:
 1. før fisket tar til må fartøya vere skriftleg påmeldt som partrållag
 2. før oppstart av fisket med partrål skal det sendast melding til Fiskeridirektoratet
- e. følgande krav om samfiske i haustingsforskrifta:
 1. fartøy som skal drive samfiske må før samfisket startar vere skriftleg påmeldt som samfiskelag
 2. ved påmelding må samfiskarane utpeike ein av deltakarane som ansvarshavande
- f. krav i forskrift om hausting av hummar om å vere påmeldt til Fiskeridirektoratet på fastsatt måte
- g. krav i forskrift om ungdomsfiskeordninga om at den som skal delta i ungdomsfiskeordninga må melde seg på ved innsending av skjema tilgjengeleg på Fiskeridirektoratet si nettside, og ha fått tildelt deltakarnummer
- h. krav i forskrift om ungdomsfiskeordninga og reguleringsforskrifta for leppefisk om å høvesvis legge ved registreringa eller sende inn kopi av leveringsavtale med godkjent kjøpar før fartøyet startar opp med å fiske etter leppefisk
- i. krav i deltakarlova og ervervsløyveforskrifta om merking av fartøy
- j. krav i deltakarforskrifta om at høvedsmann skal vere ført i fiskarmanntalet
- k. krav om elektronisk rapportering av fangst-, aktivitets- og posisjonsdata
- l. krav om rapportering ved bruk av mellomlagringsmerd og samletein
- m. krav om merking av fangstreiskap og oppbevaringsanordningar
- n. krav i deltakarlova om overdraging av aksjar, eigarandelar m.v. og ervervsløyveforskrifta kapittel IIa. om meldeplikt ved eigarendringar i fiskefartøy

Lista i fyrste ledd består både av lovbrøt som er omfatta verkeområdet til havressurslova § 54 fyrste ledd, og lovbrøt som ikkje er omfatta av verkeområdet til havressurslova § 54 fyrste ledd. Lovbrota som er omfatta av verkeområdet er uttømande angitt. Lovbrota som ikkje er omfatta av verkeområdet er ikkje uttømande angitt.

II

Forskrifta trer i kraft [dato].

Med helsing

Henning Osnes Teigene



seksjonssjef

Inger Smidesang Holstad
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Bivdu	c/o Inge Arne Eriksen Rødsvingelveien 35	9516	Alta
Fiskebåt	Røysegata 15	6003	Ålesund
Fiskehav Sa	Postboks 401	4664	Kristiansand S
Forsvaret	Postboks 800, Postmottak	2617	Lillehammer
Norges Fiskarlag	Postboks 1233 Torgarden	7462	Trondheim
Norges Fritids- Og Småfiskerforbund	c/o Lars Kongsvik Sagstadvegen 11	5243	Fana
Norges Jeger- Og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	Nesbru
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	Ramberg
Norges Råfisklag Sa	Postboks 6162 Stakkevollan	9291	Tromsø
Norges Sildesalgslag Sa	Slottsgaten 3	5003	Bergen
Norsk Sjømannsforbund	Postboks 2000 Vika	0125	Oslo
Norske Sjømatbedrifters Landsforening	Postboks 639	7406	Trondheim
Pelagisk Forening	Slottsgaten 3	5003	Bergen
Regelrådet	Kartverksveien 21	3511	Hønefoss
Samediggi Sametinget	Árvjovárgeaidnu 50	9730	Karasjok
Sjømat Norge	Postboks 5471 Majorstua	0305	Oslo
Sunnmøre Og Romsdal Fiskesalslag Sa	Postboks 408 Sentrum	6001	Ålesund
Vest-Norges Fiskesalslag Sa	Postboks 83	6701	Måløy

Kopi til:

Nærings- Og Fiskeridepartementet	Postboks 8090 Dep	0032	Oslo
----------------------------------	-------------------	------	------

